



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

Saksnr.
/

Dok.nr
006672/05

Arkivkode
048

Avd/Sek/Saksh
FSK/PER/TKTO

Dykkar ref.

SKJEMA FOR EIGENMELDING

Arbeidstakar sitt namn:	
Fødselsdato:	

EIGEN SJUKDOM:

Dato:	f.o.m.	t.o.m.
-------	--------	--------

Kan fråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen?:

Ja

Nei

Usikker

Dersom ja/ usikker - kva for tilhøve trur du kan setjast i samanheng med fråværet?:

Har du forslag til tiltak?:

SJUKDOM TIL BARN ELLER BARNEPASSAR, SAMT FYLGJE AV BARN TIL LEGE/ SJUKEHUS:

Namnet på barnet:	Fødselsdato:	
Fråvær f.o.m. (dato)	t.o.m. (dato)	
Eg er åleine om omsorga (set kryss):	Ja:	Nei:
Omsorg for fleire enn 2 born under 12 år (set kryss)?	Ja:	Nei:

Dato: _____ Underskrift: _____
Arbeidstakar

IA- avtalen gjev høve til utvida bruk av eigenmelding. For meir informasjon sjå baksida.

EIGENMELDING

Informasjon til alle arbeidstakarar om bruk av eigenmelding

Etter at Tysnes kommune vart med i ordninga om Inkluderande Arbeidsliv den 01.05.04 vart det gjort fleire endringar når det gjeld eigenmelding. Det har versert fleire påstandar og mange usikre moment kring eigenmelding, så her fylgjer litt informasjon om bruk av eigenmelding som kan vere nyttige for alle.

- Eigenmelding kan berre nyttast av dei som har vore tilsett i Tysnes kommune i minst 2 månader.
- Eigenmelding kan nyttast i inntil **24 kalenderdagar** i løpet av ein 12 månaders periode.
- Det er mogleg å nytta **24 enkeltdagar** med eigenmelding.
- Ved sjukefråvær kan eigenmelding nyttast for inntil **8 sjukedagar** (kalenderdagar) per fråværestilfelle. Det må leggjast fram legeattest dersom fråværet varer utover 8 dagar.
- Ved nytt sjukefråvær innan 16 dagar vert tidlegare fråværsdagar rekna med. Arbeidstakar kan dermed ha til saman **8 enkeltdagar eigenmelding innanfor ein periode på 16 kalenderdagar**.
- Arbeidstakaren må arbeida samanhengande i 16 kalenderdagar frå ein periode med eigenmelding er brukt opp til ein ny periode kan nyttast.
- Arbeidstakar må **1. fråværsdag** gje beskjed om fråværet. Dette gjeld også om det ligg føre sjukemelding frå lege frå 1. sjukedag.
- Eigenmeldinga skal fyllast ut av arbeidstakar og leverast til næraste overordna 1. dag på jobb etter fråværet.
- Når ein arbeidstakar har brukt opp alle eigenmeldingane vert det kravd legeattest frå 1. fråværsdag. Ordninga med eigenmelding som dokumentasjon for sjukdom frå og med 1. fråværsdag er basert på tillit. Dersom arbeidsgjevar har rimeleg grunn til å tru at fråværet ikkje skuldast sjukdom, kan det verta kravd legeattest frå 1. fråværsdag, sjølv om ikkje talet på eigenmeldingsdagar er brukt opp.

Dersom det skulle vere noko som er uklart, eller du møter på vanskelege tvilstilfelle, så ver venleg å ta kontakt med personalkonsulenten for nærare rådslaging!